



DOVRE KOMMUNE

VEDTEKTER FOR SKOLEFRITIDSORDNINGA I DOVRE KOMMUNE GJELDANDE FRÅ 01.08.2023

§ 1 Retningsliner

Skolefritidsordninga blir drive etter retningsliner vedteke av Oppvekst- kultur- og omsorgsstyret (OKO) og krav som gjeld for tildeling av statstilskot.

Skolefritidsordninga blir og drive etter ny rammeplan som er gjeldande frå hausten 2021.

§ 2 Definisjon og formål

Skolefritidsordninga er eit omsorgs- og fritidstilbod utanom den obligatoriske skoledagen for barn i 1. – 4. klasse, og for barn med spesielle behov i 5. – 7. klasse.

Innhald og verksemd skal pregast av barns behov for leik, kulturaktivitetar og behov for sosial læring.

§ 3 Styring og leiing

OKO er ansvarleg styringsorgan. Rektor har det administrative og pedagogiske ansvar for ordninga ved den enkelte Barneskole og kommuneadministrasjonen for det overordna tilsynet. Skolefritidsordninga skal ha eigen dagleg leiar.

§ 4. Tilsette

Skolefritidsordninga bør ha tilsett ein vaksen pr. 12 barn til stades. For barn med spesielle behov blir det tilsett ekstra hjelpe etter behov og sakkunnig vurdering.

§ 5 Inntak av barn

Skolen v/skolefritidsordninga sender brev/søknadsskjema til alle heimar med barn i aktuell alder for skolefritidsordning.

§ 5.1 Inntakskriteriar

Barnet skal i regelen gå i skolefritidsordninga i den skolekrinsen barnet bur.

Øvre grense for barn i Dovre barneskole SFO: 48 barn

Dei yngste elevane har fortrinnsrett.

§ 5.2 Inntaksperiodar

Hovudinntak av barn skjer i vårsemesteret og gjeld for eit skoleår.

Inntak i løpet av skoleåret kan skje, og gjeld ut det skoleåret inntaket har funne stad.

Sluttar barnet, er det 1 månads skriftleg oppseiing.

Dersom oppseiling av plass skjer etter 1. mai, vil foreldrebetalinga måtte halde fram med fast månadleg beløp ut juni.

Auke eller reduksjon av oppholdstid i løpet av skoleåret må avtalast med dagleg leiar.

§ 5.3 Inntaksmyndigkeit

Dagleg leiar for skolefritidsordninga og rektor gjer inntaket.

OKO er endeleg klageinstans. Klagefrist er 3 veker frå det tidspunkt søkeren mottek vedtaket (Forvaltn.lov § 29).

§ 6. Betaling for opphold

I samband med handsaming av årsbudsjettet fastset kommunestyret betalingssatsane.

§ 6.1 Innbetaling

Dersom det fastsette beløpet for opphold i SFO ikkje blir innbetalt i rett tid, sender kommunekassa purring i slutten av månaden. Ved andregangs purring informerast rektor/SFO-leiar og foreldre blir innkalla til samtale med tilbod om økonomisk veiledning. Fortsatt ubetalt faktura går til inkasso.

§ 6.2 Henting

Ved for sein henting, blir det kravd ekstra betaling. Første gong det skjer, blir det berre gjeve skriftleg varsel. Ved gjentaking er betalinga kr 50,- for kvart 15. minutt over fastsett hentetid slik:

0 – 15 min. over tida	Kr 50,-
15 – 30 min. over tida	Kr 100,- osv.

§ 7. Måltid

Barnet tek med matpakke frå heime. Drikke får dei i skolefritidsordninga.

§ 8. Opningstider

Skolefritidsordninga følgjer skoleruta.

Skolefritidsordninga held ope slik:

Frå kl. 07.15 og fram til skolestart kl. 08.50 om morgonen.

Frå etter skoletid til 16.30 om ettermiddagen.

§ 9. Budsjett

Rektor i samarbeid med dagleg leiar utarbeider framlegg til budsjett.

§ 10. Sommaropen SFO

Sommaropen SFO har eige inntak og betalingssatsar.

§ 11. Vedtektsendringar

Vedtektena er gyldige inntil rådmannen/OKO ev. gjer endringar.